



Norddal kommune

# ÅRSMELDING 2019

## FRIVILLIGSENTRALEN I NORDDAL



#### Møte mellom mennesker

## **FRIVILLIGSENTRALEN I NORDDAL**

Frivilligsentralen i Norddal er eigd av Norddal kommune, og ligg administrativt under eining for oppvekst og kultur.

Styret fungerer som eit rettleiande organ og er sett saman av 2 representantar frå kommunen og 3 representantar frå dei frivillige.

Kulturkonsulent har hatt personalansvar i 2019.

Norddal kommune har Frivilligsentral med leiar i 50 % stilling.

Frivilligsentralen er medlem av Norges Frivilligsentraler og Frivillig Møre og Romsdal.

Frivilligsentralen er lokalisert til kontor i rådhuset og kan nytte biblioteklokale til enkle samankomster når biblioteket er stengt. Daigleq leiar er Bjørg Sætren Kleppe.

I samband med kommunenesamanslåing har leiar i sentralen delteke i arbeid med omorganisering.

STYRET 2019

Det har vore tre styremøte, eit samla styremøte for frivilligsentralane i Stordal og Norddal og gjennomføring av Inspirationskveld.

**STYRET er sett saman slik:**

Frå det frivillige. Solveig Linge Stakkestad	vara	Gjertrud Melchior
Kirsten Sunde, leiar	«	Vigdis Mork
Nelly Ytterli	«	Rigmor Grønningsæter
Frå eigar NK: Nina Grøndahl	vara	Terese Olaisen
Ragnar Lødøen	«	Borghild Ruset

MALSETTING FOR 2019

Frivilligsentralen i Norddal skal vere med på å styrke den frivillige innsatsen i kommunen og vere eit administrativt samlingsledd.

Frivilligsentralen skal utvikle samhandling, vere eit kontaktpunkt og vere koordinator mellom frivillige og det offentlege.

Frivilligsentralen skal legge til rette for ulike treff og mobilisere frivillige for aktivitetar som styrkjer kontakt mellom menneske

Arbeidsmål 2019

- Jobbe for tiltak særskilt retta mot eldre
  - Utarbeide kulturkalender for eldreinstitusjonane
  - Legge til rette for utlån av lokale
  - Utarbeide kulturkalender på heimesida NK
  - Skaffe frivillige til barnehagebesøk i eldreinstitusjon
  - Delta i arbeidsgruppe kulturbygging Fjord kommune
  - Marknadsføre tiltak på ulike «kanaler»
  - Støtte og hjelpe laga med marknadsføring
  - Gjennomføre styremøter og brukarmøte
  - Delta på nettverkssamlingar og fagdagar
  - Bidra til samordning av arrangement
  - Ivareta innarbeidde aktivitetar

### **Tiltak sentralen har hatt ansvar for**

Tildeling av Eldsjelprisen  
Fredagskafeen  
NRK TV-aksjon i Norddal kommune(CARE)  
Sansehagen eldrebustad Valldal  
Den Kulturelle Spaserstokken  
Folkeakademiet Norddal  
Aktivitetsvenn Eidsdal og Valldal  
Aktivitetsdag for funksjonshemma  
Kulturtiltak på institusjonar  
Møte mellom generasjonar (barnehagebesøk)  
Kulturkalendere institusjonar og på nettside NK



### **Har marknadsført og fulgt opp tiltak vi har starta opp**

Kulturminnedagen 2019  
Frokosttreff, ope for alle  
Seniortrim kvar veke  
Hjertemarsj og «Alle til topps»  
Småbarnstreff i samarbeid med Stordal

### **RESULTAT:**

Frivilligsentralen i Norddal har på mange område nådd arbeidsmål for 2019.  
Sentralen står for mykje verdiskaping i lokalsamfunnet.  
Administrasjonen i kommunen nytta Frivilligsentralen til administrative oppgåver der det frivillige er representert. Styret og leiar har ikkje lykkast med utviding til 100% sentral. Leiar opplev å ha fleire oppgåver enn der er tid til og må prioriter vekk.  
I samarbeid med Norddal husflidslag ble **Kulturminnedagen** gjennomført på Sylte.  
Leiar for sentralen er inkludert i arbeid med reformen **Leve heile livet**.  
I samarbeid med pensjopnistlag ble **Eldredagen** markert.  
Leiar har samarbeid med Lions Club som gjekk til innkjøp av **Taxi-sykkel til omsorgstenesta**.  
Med støtte frå kulturbyggingsfond ble **Inspirasjonskveld for frivillige** gjennomført i samarbeid med Stordal frivilligsentral.

### **LOKALE**

Dagleg leiar har arbeidsdagar i sentralen tysdag og onsdag, og anna kvar måndag. Ho held til i kontor på rådhuset med mulighet for å nytte biblioteket til møteplass i den tida biblioteket er stengt.  
Ny lokalisering har gitt utfordringar med synleggjering, leiar er mindre tilgjengeleg og mindre fleksibel. Leiar opplev og mangle ein arena for å rekruttere frivillige og ivareta dei som gjer ein innsats. I ein periode har småbarnstreff vore gjennomført i lokale. Seniornett nytta og lokale anna kvar veke. Ei etterlengta sofagruppe har kome på plass i lokale. I samarbeid med ny bibliotekleiar starta vi i desember tiltaket SOFA.

### **AKTIVITETAR**

Frivilligsentralen i Norddal er engasjert på mange frontar men med prioritet på tiltak for eldre.

Det er aukande pågang frå administrasjon om å ta hand om oppgåver der det offentlege har samhandling med frivillige som TV-aksjon, aktivitetsvenn, reformen



*Leve heile livet, kommunesamanslåing, eldsjelprisen og kulturtildelte for sjukeheimsbebuara.*

### **Koordinering av tiltak er hovudoppgåva til leiar i sentralen**

Leiar har hatt samarbeid med ergoterapeut og har bidratt til at stoltrim vert gjennomført kvar veke..

Samarbeid med kulturskulen har ført til opptreden med elevar i eldreibutikken i Valldal og Eidsdal.

Saman med bibliotekleiar driv vi lesestund for eldre i Eidsdal.

I samarbeid med helselag, bygdekvinneklubb og Røde Kors er Frivilligsentralen ein pådrivar og koordinator for «Syng med oss» og Fredagskafé i Eidsdal og Valldal.

Samarbeid med Fjørå Helselag og Valldal Helselag om Hjertemarsj «Alle til topps» ble gjennomført med Ruggå som mål.

I samarbeid med NFU Norddal gjennomførte vi Aktivitetsdag for funksjonshemma i mai. Frivilligsentralen bidreg med administrativt arbeide.

I 2019 deltok over 30 funksjonshemma + fylgje. Sentralen skaffa omlag 20 frivillige for å gjennomføre arrangementet.

Tiltak «Sansehage» har som mål om å lage til eit triveleg uteområde på sjukeheimen i Valldal. Leiar er koordinator/sekretær for arbeidsgruppa. Stell, beplantning og vatning vert utført av frivillige med frivilligsentralen som koordinator og pådrivar.

Norddal kommune har underskrevet samarbeidsavtale med Nasjonalforeningen om *Aktivitetsvenn*. To helselag i kommunen deltek, arbeidsgruppe er danna. Eit kurs er gjennomført og eit ble forsøkt gjennomført.

**FASTE ARRANGEMENT** er småbarnstreff, seniortrim, seniornett og frokost-treff. Vi har og starta opp SOFA, eit treff på biblioteket i samarbeid med bibliotekleiar.

### **SAMARBEIDSPARTNARAR, lag og organisasjoner**

Valldal Bygdekvinneklubb

Valldal Helselag

Norddal Helselag

Fjørå Helselag

Eidsdal Helselag

Eidsdal/Norddal Røde Kors

Valldal Skulekorps

Valldal Seniordans

Valldal Hornmusikkklag

Fjørå og Valldal pensjonistlag

Eidsdal og Norddal pensjonistlag

Pårørandeforeninga

NFU, lokallaget i Norddal

Valldal Spelemannslag

Valldal Idrettslag

Norddal mållag

Valldal Lions Club

Tafjord ungdomslag

Solberg ungdomslag



## ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR

Kulturrådgjevar  
Kommunalsjef oppvekst og kultur  
Ordførar  
Bibliotekleiar  
Folkehelsekoordinator  
Helsesyster  
Ergoterapeut  
Eidsdal og Valldal skuler  
Syltebøen og Dalsbygda barnehager  
Muritunet  
Byrg  
Elderrådet  
Kyrkjekontoret  
Kulturskulerektor  
Elderrådet  
Musikkrådet  
Fjordhagen  
Sparebanken Møre  
Andre frivilligsentralar  
Møre og Romsdal fylkeskommune



## FRIVILLIGE OG AKTIVITETAR

Leiar og styret opplev ein frivilligsentral som er engasjert på mange ulike frontar. Sentralen har leiar i 50 % stilling. Det er ein aukande pågang om tiltak og frivilligsentralen er blitt ein samhandlingpartnar for utvikling av lokale miljøtiltak. Gjensidig tillit mellom menneske og trivsel for alle står sentralt. Mykje aktivitet kan ikkje målast i timar. Alle som er innom Frivilligsentralen er frivillige i våre auger. På mange områder har Frivilligsentralen, i samspel med lag og organisasjonar og det offentlege, vore "nøkkelen" til eit utvida tilbod i kommunen. Frivilligsentralen opplever stadig forespørsel frå det offentlege om frivillige til ulike oppgåver som følgje til sjukhus, transport og matombering. Sentralen har ikkje skaffa frivillige til slike oppgåver i 2019. Leiar opplever at det er ingen «kultur» i Norddal om å melde seg som frivillig. Leiar må spørje direkte, noko som er tidkrevjande men dei fleste er positive når dei vert spurde. Dagleg leiar har opprettet Face book side for sentralen. Det har vist seg som ein god arena for marknadsføring.

## ØKONOMI

Tilskot til frivilligsentralane er innlemma i inntekssystemet for kommunane og er øremerka som særskilt fordelte rammetilskotsmidla fram til 2021.



Kva får sentralen inn i kroner?

Statlege midlar	kr. 265 000,-
Den kulturelle spaserstokken	kr. 34 000,-
Frå folkeakademiet	kr. 10 000,-
Frå Sparebanken Møre	kr. 12 000,-
Til saman	kr. 321 000,-

Budsjett for 2019 kr. 342.900,-

**OPPSUMMERING**

Leiar for Frivilligsentralen har delteke på 3 samlingar i nettverket og har delteke på fagsamling for Frivillig Møre og Romsdal.

Frivilligsentralen har som verdigrunnlag at

«Alle som tek kontakt skal oppleve å verte lytta til og teke på alvor»

Dagleg leiar opplever innimellom at det er knapt med tid.

Sentralen står for mykje verdiskaping i lokalsamfunnet og det er viktig at frivilligheita blir verdsett og inkludert.

Vi går mot ei kommunesamanslåing noe som har ført til ein del ekstra arbeid i 2019.

Frivilligsentralen jobbar med å legge til rette for gode nettverk.

90% av kulturarrangement i Norddal er det frivillige som står for.

Frivilligsentralen er bidragsyter og samarbeidspart til mange av desse arrangementa.

Frivilligsentralen plasserer seg midt i det frivillige landskapet som ein viktig aktør og medspelar. Utan Frivilligsentralen si hjelp, støtte og mobilisering vil mange tiltak felle vekk, særskilt tiltak for eldre.

Det er stadig eit ønskje om at sentralen skal mobilisere meir, skaffe fleire frivillige til fleire oppgåver. Om ein skal lykkast med det må dei frivillige bli verdsett

Å ta vare på dei frivillige er ei stor og viktig oppgåve som krev innsats.

I Norddal har ein stipulert frivillig innsats til om lag 45 årsverk. Vi hadde vært «fattige» utan denne innsatsen. Det betyr enormt mykje for kommunen, for oss som bur her og for dei som kjem hit.

Det er tusenvis av «frivilligtimer» i vår kommune.

Tusen takk for at det står på og gjer ein innsats for fellesskapet😊😊

**SAMAN SKAPAR VI TRIVSEL OG UTVIKLING”**

*Styret for Frivilligsentralen i Norddal*

Kirsten Sunde

Kirsten Sunde, styreleiar

